



Statsforvaltaren i Vestland
sfvlpost@statsforvalteren.no

Røldal Fjellstyre
5760 Røldal
Org. Nr.: 975 690 229

Røldal, 22.10.2024

Innspel til oppstart - ny forvaltningsplan for verneområda på Hardangervidda.

Fjellstyret visar til uttalen vedteke av Ullensvang kommune i sak 115/24, og støtter denne i sin heilskap.

Spesielt ynskjer Røldal fjellstyre å presisere at forvaltningsplanen no må tilpassast bruk av helikopter. I ny forvaltningsplan må det verte opna for inn- og uttransport av jegerar, utstyr og felt villrein i umiddelbar nærleik av fjellstyrehytter, turisthytter og private hytter. I praksis kan dette vere ei innskjerping av dagens «100-meterssone» for dei godkjente flyvatna.

Røldal fjellstyre ynskjer også å understreke at prosjektgruppa må styrkast for å sikre betre representasjon frå private grunneigarar og fjellstyre, samstundes som det må takast omsyn til geografiske og organisatoriske forskjellar.

Røldal fjellstyre visar til mail frå Statsforvaltar, kor ein ber om å få utdjupe påstanden om at ein lokalt oppfattar verneforskrifta, forvaltningsplanen og forvaltningspraksisen som eit hinder for lokale brukarinteresser. For eigen del, kan Røldal fjellstyre peike på fylgjande konkrete punkt:


- Verneområdet har medført store avgrensingar på moglegheitene ein har hatt til å utnytte det fulle potensialet til fiskeressursen på Røldal Statsallmenning. I Røldal har det ikkje vore noko vidare tradisjon for å fiske etter aure «kommersielt». For det meste har fiske vore til eige bruk. Det har likevel vore fiskekultivering, i form av fiskeutsettingar, i alle større vatn på statsallmenninga – den fyrste dokumenterte fiskeutsettinga var i 1947. Tilsvarande fiskeutsettingar vart det særskild utfordrande å få vidare løye til, noko som medførte at fleire vatn på Røldal Statsallmenning vart tilnærma fisketomme. Forvaltningsplan, verneforskrift og/eller forvaltningspraksis må endrast slik at ein enklare kan få fortsette denne tradisjonelle bruken av fiskevatna våre.
- Fjellstyret er avhengig av infrastruktur, til dømes hytter, naust, båtopplegg osv., for å forvalte jakt- og fiskeressursen innanfor statsallmenninga. Vernet har sett særskild store avgrensingar på moglegheita for etablering av ny infrastruktur – då spesielt hytter og naust. Det vert vidare lokalt oppfatta som i overkant inngripande at ein må søkje om ein kvar bolt som skal festast, eller stein som skal flyttast, innanfor nasjonalparken. Dette kompliserer/avgrensar sjølvstilt bruken av fjellområda betydeleg.

Røldal Fjellstyre – 5760 Røldal

Leiar: tlf. 481 03 170 - e-post: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: 482 70 778 – e-post: roidal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no

- Lokalt opplev ein også med undring avgrensingar på korleis til dømes fasaden på ei fjellhytte skal vere, argumentert for med tradisjonell byggeskikk. Er det til dømes større tradisjon for shingel enn bølgeblekk på Hardangervidda...?
- At det er avgrensingar på motorferdsel innanfor nasjonalparken er forståeleg, og støtta, frå fjellstyret si side. Det er likevel verdt å nemne at ein lokalt meiner det er «snodig» at det innanfor nasjonalparken er slik at nokon kan ha tilnærma «frikort», som til dømes DNT, medan det for andre er store avgrensingar.

mvh



Tor Helge Haara Tjemsland
Leiar, Røldal Fjellstyre